



Steinar Haugland stillar kritiske spørsmål. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ei uttale til reguleringsplanen for sandtaket stillar naboane Cathrine og Steinar Haugland kritiske spørsmål knytta til støy. Dei er svært skuffa over konsekvensutgreiinga mellom anna på dette punktet og stillar seg undrande til om dette er meint som ei seriøs utgreiing. Dei visar til at målingane er utført av ein privatperson og ikkje noko ansvarleg selskap. Metoden er svært forenkla og seier ingenting om kva støybilete ein kan forventa seg når sandtaket vert sett i drift.

Cathrine og Steinar Haugland held fram:

* Målinga fortel oss kva støy vi har med eit soldeverk plassert på ein spesiell stad, men seier ingen ting om kva støy vi får når anlegget vert flytta til anadre stader i anlegget

* Målinga tek ikkje omsyn til at det er stor skilnad på om anlegget vert fylt med fin eller steinhaldig masse.

* I planen står det at det kan monterast knuseverk. Støyen som vil koma frå ein steinknuser vert av ein heilt annan karakter. Dette er ikkje behandla i konsekvensutgreiinga.

* Støydempande tiltak er ikkje behandla i konsekvensutgreiinga. Vi ønskjer ikkje at det vert støyskjerming etter prøve- og feilemetoden, der ein fyrst etter ein klage set inn tiltak.

* Fagfolk vi har snakka med seier at dersom ein skal få ei fullgod konsekvensutgreiing av støy, er datamodellar med utarbeiding av støykart det mest brukte. Ved å databerekna støyen kan ein få ut kart som viser korleis støyen vil forplante seg i dalen og ein kan seia noko om kva tiltak som må setjast inn.

Cathrine og Steinar Haugland meiner at konsekvensutgreiinga må forkastast og at det må utarbeidast ei ny som dekkjer heile reguleringsområdet. Dei meiner også at utgreiinga av trafikktryggleiken er svært mangelfull.

Av Ola Matti Mathisen